



**HERØY  
KOMMUNE**



# **KVALITETSKOMMUNEPROSJEKTET**

## **FORNYING 2 – GRUPPE 5**

### **VAKSENOPPLÆRING**

Ferdigstilt i prosjektgruppa 13.12.2007

## INNHALDSLISTE

1. MÅL OG MANDAT .....	side	3
2. ARBEIDSGRUPPE .....	side	3
3. FRAMDRIFTSPLAN .....	side	3
4. ARBEIDSMÅTE .....	side	4
5. KORT HISTORIKK .....	side	4
6. NOSITUASJONEN .....	side	5
6.1.0 Elevane .....	side	5
6.1.1 Flyktningar .....	side	5
6.1.2 Innvandrara .....	side	5
6.1.3 Arbeidsinnvandrara .....	side	5
6.2.0 Personalet .....	side	5
6.3.0 Undervisninga .....	side	5
6.3.1 Norskundervisninga .....	side	5
6.3.2 Samfunnskunnskap .....	side	6
6.3.3 Språkpraksis .....	side	6
6.3.4 Grunnskuleundervisning .....	side	6
7. TILSKOTSORDNINGAR.....	side	6
7.1.0 Overgangsordning .....	side	6
7.2.0 Per-capitatilskot .....	side	7
7.3.0 Resultattilskot .....	side	7
7.4.0 Skjønnstilskot .....	side	7
7.5.1 Eingongstilskot .....	side	7
7.5.2 Basistilskot .....	side	8
8. INTRODUKSJONSLOVA .....	side	8
9. INTRODUKSJONSPROGRAMMET .....	side	9
10. INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....	side	10
11. KJØP FRÅ ANDRE .....	side	10
12. PERSONALFAKTOREN .....	side	12
13. PÅREKNA TILSKOT .....	side	12
14. TILRÅDING .....	side	13

-----

## **1. MÅL OG MANDAT**

Herøy kommune vedtok i K-sak 22/07 å søkje om å verte teken opp som deltakar i Kvalitetskommuneprogrammet. Kommunen fekk i brev av 29.03.07 melding om at vi, som ein av 29 kommunar, var tekne med i første pulje av programmet. Prosjekt 5 er eitt av kommunen sine delprosjekt i programmet.

### **Delprosjekt 5: Vaksenopplæring**

#### **Mål:**

**”Koordinerte tenester og samhandling internt .....**”

#### **Mandat:**

Arbeidsgruppa skal vurdere organiseringa av vaksenopplæringa og kome med framlegg til framtidig organisering frå 1. august 2007. Alternativ med interkommunalt samarbeid skal vurderast. Arbeidsgruppa må integrere arbeidet med arbeidsgruppe 2 (Dagtilbod PU) og arbeidsgruppe 7 (Flyktningsintegrering).

Etter avtale med oppdragsgjevar har gruppa konsentrert seg om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne framandspråklege elevar.

## **2. ARBEIDSGRUPPE**

Peder Nerem, leiar  
Mona Ernstsen, møtesekretær  
Alvhild Igesund,  
Olav Tjervåg, tillitsvald  
Monika Nerland, verneombod, (frå 11.06.07 – 20.11.07)  
Kari Sissel U. Torvik, rektor (frå 05.09.07)

I mail dagsett 31.05.07 fekk vi melding om at gruppa skulle styrkast med Monika Nerland. Ho vart innkalla frå og med neste møte: 11.06.07.

I mail dagsett 20.11.07 melde ho frå at ho må trekkje seg frå dette arbeidet.

Våren 2007 vart Peder Nerem sine arbeidsoppgåver endra, slik at han ikkje lenger var rektor for vaksenopplæringa. Frå 01.08.07 vart Kari Sissel U. Torvik tilsett som ny rektor for opplæringa for vaksne framandspråklege elevar. Etter denne datoen har ho vore innkalla til alle møte i gruppa.

## **3. FRAMDRIFTSPLAN**

### **Gruppa lagar milepelsplan.**

Muntleg rapport vart lagt fram for formannskapet før sommaren 2007. Gruppa rådde til at opplæringa for vaksne framandspråklege elevar vart vidareført som no også for skuleåret 2007/08.

**Innstilling:** Innan 31.12.07.

## 4. ARBEIDSMÅTE

Gruppa har hatt 11 møte. I tillegg har vi vore på ein dags ekskursjon til Ulstein og Hareid. Mona Ernstsens har vore møtesekretær. Leiar har vore medlem i gruppe 2 – PU-gruppa, og har orientert om arbeidet begge vegar. Mona Ernstsens er flyktningskonsulent og sekretær for gruppe 7 – Flyktningsintegrering, og har hatt ansvaret for informasjon til denne gruppa. I tillegg har Bjørn Prytz, leiar for gruppe 3 – Barn og unge, fått rapport etter kvart. Alle møtereferat er dessutan lagde inn i Lotus Notes i basen "Kvalitetskommune, Fornying 2".

Møta har vore haldne dels i lokala til Internasjonal skule, og dels på rådhuset.

Tysdag 27. november 2007 var gruppa på ekskursjon til Kompetansesenteret i Ulstein og Ressurssenteret i Hareid. Begge stader vart vi tekne vel i mot, og fekk god omvising og orientering om tilbod og arbeidsmetodar.

Hareid og Ulstein har valt ulike modellar:

### Ulstein Kompetansesenter

- norskopplæring for framandspråklege
- spesialundervisning for funksjonshemma
- grunnskuleopplæring for vaksne
- spes.ped førskule
- snoezelenavdeling (sansemotorisk stimulering)
- logopedi
- flyktningssteneste
- ansvar for lærlingane i kommunen
- kjøper teneste grunnskuleopplæring for 16 - 21-åringane på Hareid Ressurssenter

### Hareid Ressurssenter

- vaksenopplæring
- grunnskuleopplæring for framandspråklege i alder 16 - 21-år
- kursutvikling (m.a. for ulike bedrifter, m.fl.)
- arbeidsmarknadsopplæring
- oppdragsundervisning

## 5. KORT HISTORIKK

Dei fyrste flyktingane kom til Herøy hausten 1987, etter vedtak i kommunestyret året før. Etter kort tid vart det starta med norskopplæring. Undervisninga hadde ikkje eigne lokale, og flytta litt rundt dei første åra. Då Herøy fekk eigen Frivillegsentral, vart undervisninga lokalisert der.

Timetalet deltakarane kan få, har i desse åra auka frå 240 til 3000 timar. Auka timetal og deltakartal førte til at vi vaks ut av lokala ved Frivillegsentralen. Mot slutten såg vi oss difor nøydde til å leige eit tilleggsrom i toppetasjen i Kvadranten. (Vestvang Bokhandel). Frivillegsentralen hadde dessutan stort behov for lokala til eige bruk. Hausten 2001 vart difor undervisninga flytta til ei eiga avdelinga ved Bergsøy skule. Der held dei framleis til under namnet Internasjonal skule.

Dei 4 klasseroma Internasjonal skule disponerer, er korkje betre eller verre enn dei andre klasseroma på Bergsøy skule, men ein manglar m.a. pauserom, og dessutan tilfredsstillande arbeidsplassar for dei tilsette. Etter kvart vil nok også Bergsøy skule ha behov for desse roma sjølve. Det er uklart kvar Internasjonal skule då skal halde til. Samlokalisering med NAV har vore nemnt. Eit anna alternativ kan vere at

Internasjonal skule tek over Frøystad skule når Leinøy skule står ferdig. Frøystad skule ligg ved hovudvegen noko som er ein fordel med tanke på korrespondanse med buss.

## **6. NOSITUASJONEN**

### **6.1 Elevane**

Dette skuleåret er det mellom 35 og 40 deltakarar på norskkurs. Talet varierer i løpet av året fordi nokre sluttar og går ut i jobb, og andre flyttar hit til kommunen og begynner på norskkurs.

#### **6.1.1 Flyktningar**

I desember 2007 går 15 flyktningar frå 7 land på skule her. Av dei er 5 på overgangsordninga, dvs. at dei kom til Noreg før 1. september 2005. For deltakarar som er på overgangsordninga, får kommunen kr. 437,- pr. undervisningstime + kr. 25,- pr. deltakartime. Det ser ut som talet på deltakarar etter overgangsordninga vil bli svært lavt til neste skuleår. Flyktningar som har kome til Noreg etter 01.09.05, har rett og plikt til 250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap. Timetalet kan aukast til maksimum 3000 timar.

Kommunestyret gjer vedtak om kor mange flyktningar som kan busettast i Herøy kvart år. Dette vedtaket får direkte verknad på elevtalet.

#### **6.1.2 Innvandrarar**

Vi har 18 innvandrarar som er gifte med nordmenn og såleis har rett og plikt til 250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap.

#### **6.1.3 Arbeidsinnvandrarar**

Så har vi ei gruppe på 7 arbeidsinnvandrarar.

Av dei er 2 på overgangsordninga og har rett på gratis norskundervisning.

Dei andre 5 begynte på norskkurs i haust og må betale kr.100 pr. dag + kr.500 for materiell. Denne betalingssatsen vart innført i kommunen hausten 2007 og er omtrent den same som i nabokommunane.

Arbeidsinnvandrarar som er i Noreg etter EØS-regelverket, har verken rett eller plikt til å gå på norskkurs, men mange ynskjer å lære seg norsk.

### **6.2 Personalet**

Ved vaksenopplæringa har vi for tida 2 lærarar i full stilling, og 2 lærar i 50% + rektor. Ein av desse lærarane har hatt permisjon frå skulestart og til 1. desember.

### **6.3 Undervisninga**

#### **6.3.1 Norskundervisninga**

Det er eit svært stort spenn i elevane sin skulebakgrunn – frå personar med liten eller ingen skulegang til folk med lang utdanning frå universitet og høgskule. Med så ulik bakgrunn er sjølvstøtt progresjonen svært variert. Nokre snakkar og skriv norsk utruleg godt etter kort tid, medan andre slit med å lære alfabetet og å knekke lesekode. Traumatiske opplevingar, og uro for nære familiemedlemmer dei har mist kontakten med, gjer det heller ikkje alltid lett å konsentrere seg.

Elevane vert gjerne inndelte i 4 grupper etter kor langt dei er komne i å lære norsk. Målet for dei fleste er norskprøvene som vert arrangerte av Folkeuniversitetet tre gonger i året.

### **6.3.2 Samfunnskunnskap**

Alle som ynskjer fast opphald/norsk statsborgarskap, må kunne dokumentere at dei har delteke i 300 timar norskopplæring. Av desse skal 50 timar vere opplæring i norsk samfunnskunnskap på eit språk deltakarane forstår. Det er uråd for ei lita kommune som vår å makte dette på eiga hand. Det er etablert eit samarbeid mellom kommunane på ytre søre. Kommunane melder frå om sitt behov, og kursa vert deretter fordelte på dei ulike kommunane. Siste året har vi stått som arrangør for kurs på engelsk og fransk for framandspråklege i heile regionen. Dette er ei rimeleg og god ordning som har fått positiv omtale i IMDI sentralt.

### **6.3.3 Språkpraksis**

Språkpraksis på ein arbeidsplass kan vere eit viktig tiltak for praktisk, relevant språkopplæring, særleg med tanke på overgang til arbeid. Språkpraksis er ein del av norskopplæringa, og må ikkje blandast saman med arbeidspraksis, ofte i regi av NAV, og som har som formål å auke arbeidstakaren sin ansiennitet med tanke på seinare tilsetjing.

I språkpraksis får eleven lære norsk på ein praktisk måte ute i bedrifta under rettleiing av skulen. Læraren har nær kontakt med eleven og arbeidsplassen, og ord og situasjonar vert tekne opp med eleven når han kjem tilbake til skulen. Det er flyktningskontoret som skaffar praksisplassane.

Flyktingane er utplasserte på forskjellige språkpraksisplassar. Dei fleste har språkpraksis 2 dagar i veka. Etter nyttår er planen å starte med norskopplæring ute på ein arbeidsplass ein dag i veka. Myrvåg Alders- og Sjukeheim ynskjer å ha 5-6 personar i språkpraksis. Då er gruppa så stor at dei kan undervisast på arbeidsplassen nokre få timar pr. veke. Håpet er at deltakarane lærer fortare norsk, og seinare kanskje også kan få jobb der.

Elles er det mange av innvandrarane som kombinerer skule og jobb.

### **6.3.4 Grunnskuleundervisning**

Når det gjeld elevar i alderen 16 – 21 år som har mangelfull grunnskuleopplæring frå heimlandet, har vi eit samarbeid med Hareid Ressurssenter. På 2 år kan elevane der få ei fullverdig grunnskuleutdanning som grunnlag for søknad til vidaregåande skule. For tida har vi 4 elevar som tek slik grunnskuleutdanning. Dei går alle 2. året og vil ta grunnskuleeksamen våren 2008. Kostnaden med denne undervisninga vert fordelt på kommunane elevane kjem frå. I 2006 betalte vi 57.500,- kr. pr. elev for heile skuleåret. Då var alt inkludert, også reise til og frå Hareid. Vi har enno ikkje fått rekning for 2007.

## **7. TILSKOTSORDNINGAR**

### **7.1 Overgangsordning**

Frå 01.09.05 vart også finansieringsordninga til norskopplæringa endra. Den nye finansieringsordninga vart lagt om til per- capitabasert tilskot (Pr. person). Denne ordninga gjeld for personar som har fått opphald- og arbeidsløyve etter 01.09.05. Personar som har fått opphald- og arbeidsløyve før denne datoen følgjer den gamle ordninga. Dette er ei overgangsordning som gjeld til 1. september 2010.

I staden kom det ei ny tilskotsordning som består av 3 element:

- per-capitatilskot

- resultattilskot

- skjønstilskot

## 7.2 Per-capitatilskot (Tilskot pr. person)

### Satsar for 2007

Tilskotsår	Lav sats	Høg sats
År 1	7.040	18.800
År 2	10.580	28.200
År 3	10.580	28.200
År 4	3.500	9.390
År 5	3.500	9.390
Sum	35.200	93.980

Lav sats gjeld innvandrarak frå vestlege land, høg sats gjeld innvandrarak frå ikkje-vestlege land. Dei aller fleste av våre elevar kjem under ordninga for høg sats. Satsane for 2008 er føreslått auka frå 93.980 til 98.430 (høg sats). Dette er tilskot kommunen får når personen vert registrert som busett i kommunen, og personen er registrert i NIR (Nasjonalt introduksjonsregister) - utan omsyn til om vedkomande får norskundervisning eller ikkje.

Kommunen har plikt til å gi eit tilbod om 250 norsktimar og 50 timar samfunnskunnskap.

Personen sjølv har ansvar for å ta imot denne undervisninga innan ein 3-årsfrist, men med høve til å søkje om utvida frist i 2 år ved særlege tilhøve. Etter denne tid fell retten til gratis norskopplæring bort.

## 7.3 Resultattilskot

Dette tilskotet vert utbetalt til kommunane for deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap som har teke og greidd den avsluttande prøva i norsk. Tilskotet er på kr 10.000,- for kandidatark som består heile prøven, og kr. 5.000,- for kandidatark som består den skriftlege eller munnlege delen. Tilskotet vert utbetalt berre for deltakarar som har både rett og plikt til norskopplæring.

## 7.4 Skjønstillskot

Etter kvart som elevar etter den gamle tilskotsordninga går ut av norskopplæringa, viste det seg vanskeleg for små- og mellomstore kommunar å halde oppe tilbodet om norskopplæring. Det vart difor oppretta ei ordning med skjønstillskot som skulle kompensere for smådriftulemper, og som kan tildelast etter søknad. Målgruppa for tilskotet var kommunar som har fått tilskotet til norskopplæring vesentleg redusert. I vurderinga av søknaden skal det leggst vekt på kommunen sin generelle økonomi og om interkommunalt samarbeid har vore vurdert. I vår region fekk Vanylven 40.000,- og Sande 300.000,- i tilskot. Dei andre kommunane vart ikkje rekna å vere i målgruppa.

### 7.5.1 Eingongstilskot

I juli 2007 kom det melding om at AID (Arbeids- og inkluderingsdepartementet) ynskte å styrke norskopplæringa med 75 mill. kroner. Kommunar med mellom 20 og 200 deltakarar, mellom dei Herøy, fekk 400.000,- kroner. Samstundes vart det varsla om at dette eingongstilskotet i 2008 kunne bli avløyst av eit basistilskot.

## 7.5.2 Basistilskot

I framlegget til Statsbudsjett for 2008 står det slik om tilskot til norskopplæring for vaksne framandspråklege elevar:

*"Gode ferdigheter i norsk er en viktig forutsetning for at innvandrere skal kunne delta aktivt i arbeidslivet og samfunnet for øvrig.*

*En del små og mellomstore kommuner har varslet at de har hatt vansker med å gjennomføre et godt opplæringstilbud i norsk og samfunnskunnskap etter omleggingen av den statlige finansieringsordningen høsten 2005.*

*Regjeringen foreslår derfor å øke skjønnstilskuddet i ordningen med 95 mill. kroner i 2008. De ekstra midlene i 2008 vil bli fordelt som et basistilskudd til kommuner med mellom 4 og 150 personer i personkretsen for rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonsloven.*

*I tillegg foreslås det bevilget 5 mill. kroner til kvalitetsheving av opplæringen."*

I framlegget til statsbudsjett for 2008 er det teke med eit basistilskot på kr. 325.000,- til kommunar med mellom 4 og 150 personar som har rett og plikt til norskopplæring med samfunnskunnskap - som Herøy.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet etablerte våren 2007 ei arbeidsgruppe som skulle gå gjennom dei to mest sentrale tilskotsordningane innan integreringsfeltet, Integreringstilskotet, kapittel 651, post 60 og Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, kapittel 651, post 61. Arbeidsgruppa har vore samansett av representantar for KS, IMDi, Finansdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Statistisk sentralbyrå, vaksenopplæringa i Gol og Førde kommunar. Formålet for arbeidsgruppa sitt arbeid var å gå gjennom dei to tilskotsordningane, og vurdere alternative ordningar samanlikna med dei som no gjeld.

Gruppa sin rapport ligg no føre. Deira konklusjon kan oppsummerast slik:

- Inga endring i integreringstilskotet (Flyktningsmidlane)
- Tilskotsordninga til norskopplæring for vaksne framandspråklege har blitt dårlegare etter omlegging til per-capitatilskot, særleg gjeld dette dei små- og mellomstore kommunane. Dei gjer framlegg om at basistilskotet for kommunar med mellom 4 og 150 personar i målgruppa skal settast til 415.000,- kr. pr. år.
- Per-capitatilskotet bør aukast, og utbetalast over 3 år i staden for 5 år som no.

På dette grunnlaget bør ein kunne rekne med at ordninga med eit basistilskot på rundt 400.000,- kr. er kome for å bli i rimeleg tid framover. I vår tilskotskalkyle seinare i rapporten har vi difor rekna med 400.000,- kr. i basistilskot.

## 8. INTRODUKSJONSLOVA

Introduksjonslova vart vedteken i august 2003, og er seinare justert fleire gonger. I tillegg til norskopplæring får kvar flykting gjennom denne lova rett til eit eige introduksjonsprogram. Dette programmet skal gi deltakarane eit opplegg i 37,5 t/v i 47 veker pr. år i 2 år. (Kan utvidast til 3 år i visse høve). Skulen har ansvaret for 38 av desse vekene. Flyktingkontoret for resten (9 veker/år).

Når det gjeld opplysningar om introduksjonslova og tilskot til dei oppgåvene den omfattar, viser vi til eiga sak om busetting av flyktingar. (F-sak 256/2007)

## 9. INTRODUKSJONSPROGRAMMET

Introduksjonslova er ei stor reform for kommunane sitt arbeid med nytilflytta flyktningar. Herøy kommune har kome godt i gang med introduksjonsprogrammet, og så langt er det til saman 35 flyktningar som har hatt/har vedtak om introduksjonsprogram.

Målet med introduksjonsprogrammet skal, i følgje St. meld nr. 17 (2000 –2001) Asyl og flyktningpolitikken i Noreg vere å leggje til rette for at nyankomne flyktningar skal kunne:

- delta aktivt i samfunnslivet
- fungere i ordinært arbeid eller nytte det ordinære utdannings- og kvalifiseringssystemet.

Opplegget skal gjennomførast ved eit samarbeid og samordning mellom kommunale og statlege etatar, lokale organisasjonar og privat næringsliv.

Introduksjonsprogrammet skal bere preg av god planlegging og kontinuitet.

For Herøy og andre kommunar har dette medført ei radikal endring i høve til opplæring og kvalifisering for innvandrarar. Kvar deltakar skal ha ei kvalitativ opplæring på 37,5 t. pr. veke, og for dette får dei utbetalt ein stønad tilsvarande 2G brutto 11.135,-pr. mnd. for dei over 25 år –og kr. 7.423,-pr. mnd. for dei under 25 år. Deltakaren vil få stønad etter deltekne timar som skal vere attestert og godkjent på vanleg måte.

Vi arbeidar etter følgjande målsetjingar:

- Opplegget skal ivareta samanhengen og heilskapen i livssituasjonen for kandidaten og familien. Det skal vere ei språkleg, fagleg og sosial kvalifisering.
- Kandidaten skal ha eit heilårs - og heildagstilbod som skal vare i inntil to år. Kan utvidast til 3 år i særlege høve.
- Opplegget skal medverke til å få deltakarane raskare ut i ordinært arbeid eller utdanning.
- Ein skal bli formelt kvalifisert i norsk, ta språktest.
- Introduksjonsprogrammet skal medverke til økonomisk sjølvstende og økonomisk sjølvstende for kandidaten.
- Kandidaten skal få kursbevis.

Introduksjonsprogrammet skal tilpassast den einskilde sitt utgangspunkt og behov.

Gjennom endringar i introduksjonslova er alle kommunar frå 01.09.05, pliktige til å gje eit tilbod i norsk og samfunnskunnskap til nytilflytta innvandrarar, med arbeids- eller opphaldsløyve som legg grunnlag for busettingsløyve.

Alle innvandrarar med rett og plikt til slik opplæring skal ha 300 timar i språkoplæring, av dette 50 timar samfunnskunnskap på eit språk innvandrararen forstår. Gjennom ei forskrift knytt til denne lova, forskrift 20/04 nr. 342, er kommunane pliktige til å registrere vedtak om slik opplæring og gjennomføring av den, i Nasjonalt introduksjonsregister – NIR.

## 10. INTERKOMMUNALT SAMARBEID

I gruppa sitt mandat er det spesielt nemnt at alternativet med interkommunalt samarbeid skal vurderast. No har vi i fleire år hatt eit godt og nært samarbeid med kommunane i 7-stjerna på fleire felt innan flyktningarbeidet og vaksenopplæringa. Vanylven har få framandspråklege elevar og møter ikkje på alle samlingane.

Vi kan nemne:

- grunnskuleopplæring for framandspråklege i alder 16 - 21-år (Hareid)
- 50-timarskurs i samfunnskunnskap, registrering av behov og fordeling av kurs på kommunane.
- lærarnettverk med felles fagleg kursing. 4 samlingar pr. år
- rektornettverk. Faste møte 2 gonger pr. semester.
- flyktningforum (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Volda, Ørsta)
- samarbeid om heilårs introduksjonsprogram (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande)

Dette samarbeidet vert vurdert som svært verdifullt, og blir høgt prioritert av medlemmene.

Frå statleg hald vert det ivra for at små og mellomstore kommunar skal gå saman om felles løysingar når det gjeld denne gruppa. Skjønnstilskotet er nettopp tenkt som eit lokkemiddel for å få til interkommunale ordningar. I søknadsskjemaet om slikt tilskot kjem ein fort til spørsmålet om kommunen har prøvt å få til interkommunalt samarbeid, og kvifor det eventuelt ikkje har kome i stand.

Det er eit faktum at både Hareid og Ulstein har satsa sterkt på sine senter, sjølv om dei to kommunane har valt to svært ulike løysingar. Herøy har valt ein modell som konsentrerer seg om norskopplæring med samfunnskunnskap, der språkpraksis er ein del av norskundervisninga.

## 11. KJØP FRÅ ANDRE

Overgangen til tilskot per capita gjorde det svært vanskeleg for små og mellomstore kommunar å halde oppe tilbodet om norskopplæring med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Som eit resultat av dette fekk vi i 2007 ordninga med basistilskot, ei ordning som kan sjå ut til å vere komen for å bli.

Ein del små- og mellomstore kommunar har valt å kjøpe denne tenesta frå andre kommunar. På våre kantar er vel Volda og Ørsta sin avtale med Ressurssenteret på Hareid kjend for dei fleste. Gruppa har hatt høve til å sette seg grundig inn i denne avtalen. Slik form for "stordrift" gir effektiv undervisning pr. lærartime, og elevar vi har snakka med, er stort sett nøgde, sjølv om dei sjølv sagt helst ville sleppe den daglege reisetida.

Hareid Ressurssenter har synt stor velvilje med å lage eit overslag over kva det truleg vil koste oss å sende våre elevar dit. Det må understrekast at dette er eit estimat, og difor berre kan gi oss ein peikepinn på kva ei overføring av våre elevar til Hareid vil koste. Sikre tal får vi berre gjennom ein tilbodsprosedyre.


Hareid reknar med at dei vil trenge 2 ekstra lærarar for å kunne ta imot våre elevar. I tillegg må administrasjonsressursen styrkast. Utanom dette er det reiseutgiftene som er største enkeltposten. I tillegg reknar dei seg sjølv sagt eit rimeleg overskot. Estimater gjeld for 25 elevar. Etter avtale har vi sjølve justert dette for høvesvis 30 og 35 elevar. For Hareid har vi rekna med 2 ekstra lærararstillingar heile vegen, medan vi for Herøy sin del har rekna med 2,5 stillingar for 30 og 35 elevar. I tillegg har vi justert for utgifter til reinhald, vaktmeister, straum og telefon slik det går fram av kolonnen til høgre.

Internasjonal skule er, som dei fleste andre kommunale tiltak, ikkje belasta med utgifter til husleige, kapitalkostnader, m.m. Dersom dette skal takast med i kalkylene, er det heilt uråd å kunne konkurrere med t.d. Hareid Ressurscenter sitt estimat.

	25 elevar	30 elevar	35 elevar	
<b>Hareid estimat</b>	1.874.675	1.986.380	2.098.085	Hareid har rekna med 27.000,- kr. til andel reinhald, vaktmeister, straum og telefon. Dette er utgifter som ikkje blir belasta vaksenopplæringa i Herøy i dag. I linja "Justert" i tabellen er det teke høgde for dette.
<b>Herøy estimat</b>	1.683.186	1.938.186	1.938.186	
<b>Differanse</b>	191.489	48.194	159.899	
<b>*Justert</b>	164.489	21.194	132.899	

Som vi ser av tabellen over, ligg vi noko under i kostnad når vi reknar med 25 elevar, om lag likt når vi reknar 30 elevar og noko under når vi reknar 35 elevar. Dette kan forklarast med reisekostnaden Herøy/Hareid/Herøy som slår gunstig ut for oss i første kolonne. I andre kolonne har vi rekna 2,5 stillingar mot Hareid sine 2. Vi reknar med å kunne ta i mot 35 elevar utan å auke våre rammer, medan Hareid reknar med materialkostnader og reiseutgifter for 5 ekstra elevar i tredje kolonne.

Framsett grafisk ser det slik ut:



## 12. PERSONALFAKTOREN

Ein viktig nøkkelfaktor er personalfaktoren. Pr. d.d. har vi 2 lærarar i full stilling, og 2 lærar i 50% + rektor ved vaksenopplæringa. Utfordringa for norskopplæringa er, som elles i kommunen, å finne fram til eit optimalt forhold mellom personalfaktor og tenesteproduksjon.

Dersom vi held fram med same personalfaktor som no, er det vanskeleg å konkurrere i pris med større einingar som t.d. Hareid Ressurssenter. Utfordringa blir om Herøy kan organisere undervisninga slik at den blir effektiv sjølv med mindre personale? Dette har vore eit sentralt tema for gruppa.

Som ein konsekvens av dette har skuleavdelinga i samråd med Internasjonal skule i haust brukt om lag halve eingongstilskotet til nye berbare Pc-ar med batterikapasitet for heile skuledagen. Når Pc-ane ikkje er i bruk, blir dei oppbevarte i låst stålskap der batteria blir oppladda slik at dei er klar til bruk til neste skuledag. Samtidig er det montert trådløst nettverk slik at eleven ikkje er avhengig av kontaktar og leidningar når ho/han skal finne seg ein arbeidsplass.

Det blir utarbeidd individuell plan for kvar elev. Eige planverktøy ("Den europeiske språkpermen") gjer det lett for eleven å følge framgangen i si eiga læring. Saman med lisensar for nettbaserte læreprogram gjer dette at eleven kan jobbe meir sjølvstendig, og at læraren i større grad kan gå rundt og hjelpe til etter behov. Intensiv trening i mindre grupper vil nok likevel vere nødvendig for nokre elevar i periodar. Med ei slik organisering meiner gruppa det er forsvarleg med ein reduksjon i personalet på mellom ei halv og ei heil stilling alt etter elevtalet.

## 13. PÅREKNA TILSKOT

Det er etter måten kompliserte tilskotsreglar for norskopplæring for vaksne, og reglar og tilskot skiftar frå statsbudsjett til statsbudsjett. Inntektsprognosen under er sett opp med basis i dei tala vi kjenner i dag.

Pr. des. .07 har vi 5 elevar etter overgangsordninga. For desse elevane får kommunen kr. 437,- pr. undervisningstime + kr. 25,- pr. deltakartime. Det ser ut som talet på deltakarar etter overgangsordninga, vil bli svært lavt til neste skuleår. Overgangsordninga vert avvikla etter 01.09.2010. Tilskot etter overgangsordninga er difor ikkje teke med i kalkylen under, men er for vårhalvåret 2008 stipulert til ca. 400.000,- kr.

<b>Inntektsprognose Internasjonal skule 2008</b>		
Per-capita	700.000	Reelt tal des. .07: År 1: 16 elevar + År 2-5: 14 elevar. I alt 30 elevar. Framlegg om heving av satsane.
Basistilskot	400.000	Kan variere med ulike statsbudsjett.
Resultattilskot	100.000	Rekna med: 5 elevar vår, 5 elevar haust
Betalingslevar	200.000	Rekna med: 5 heilårselevar inkl. materiell
Tilskot frå flykting	500.000	Vert avgjort i samband med budsjettet kvart år.
<b>SUM</b>	<b>1.900.000</b>	

## 14. TILRÅDING

1. Gruppa rår til at norskopplæring med samfunnskunnskap framleis vert organisert under skuleavdelinga som eiga kommunal eining med eigen rektor, og med ein personalfaktor etter dei retningslinjene gruppa har gjort greie for i kap. 10.
2. Gruppa har særleg lagt vekt på desse faktorane:
  - Internasjonal skule i Herøy er ein godt fungerande skule der både elevar og tilsette trivst godt.
  - Samarbeidet mellom Internasjonal skule og andre kommunale instansar som t.d. helsesøster og flyktingkontor fungerer framifrå.
  - Flyktingkontoret har no ansvaret for introduksjonsprogrammet. Når flyktingkontoret vert lagt inn i NAV, kan det vere naturleg å føre desse oppgåvene over til Internasjonal skule. Ressursane til introduksjonsprogrammet må sjølvstøtt følgje med.
  - Undervisninga vil nok framleis ha behov for eit kommunalt tilskot i tillegg til statstilskotet, men behovet for kommunalt tilskot ser ut til å vere større om vi vel interkommunale løysingar så lenge ein ikkje tek med utgifter til husleige og kapitalkostnader.
  - Det er ein fordel for deltakarane å få tilbod om norskopplæring i bustadkommunen, særleg gjeld dette småbarnsforeldre.
  - Norskopplæring og språkpraksis i nærmiljøet gjer integreringsprosessen lettare.
  - Internasjonal skule er eit ressurscenter også når det gjeld framandspråklege elevar i grunnskulen. Her kan skulane få gode råd om materiell og om kulturelle skilnader. Skulen har også god oversikt over personar som har lært nok norsk til å kunne hjelpe til som tospråklege assistentar.

Herøy rådhus, 13.12.07

Mona Ernsten

Olav Tjervåg

Alfhild Igesund

Kari Sissel U. Torvik

Peder Nerem